

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 4. september 2018

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.00

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, Bjørg Djupvik Grebstad, Torbjørn Støylen, Liv Hole og Knut Henning Aursnes.

May Lisbeth Hovlid Aurdal hadde meldt fråfall.

Janne Svindseth og Monica Breivik Orre møtte til sak 33/18.

Simen opna møtet og las ein salme frå bibelen til ettertanke.

Deretter gjekk soknerådet over til å handsame følgjande saker:

Sak 30/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 31/18 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 22.05.2018

Vedtak: Referatet vart godkjent.

Sak 32/18 Felles planlegging Gudsteneste med misjon, løp og mat

Vedtak: Tidspunktet veret endra til 30.09.2018.

Sak 33/18 Beising/maling av teglsteinsveggane på kyrkjekontoret

Kyrkjeverjen har ved fleire høve mottatt innspel frå besøkande om at ein opplever fellesområdet på kyrkjekontoret som mørk og dyster. Kyrkjeverjen foreslår med bakgrunn i dette å beise/måle veggane kvitare.

Vedtak: Soknerådet ønskjer ikkje at ein gjer permanente endringar på veggane, men heller nyttar andre tiltak for å lysne rommet. Eksempel kan vere frosta glasdører, betre belysning av vegg og tak samt lysare og tiltalande kunst. Soknerådet ber kyrkjeverjen kome med eit nytt forslag i tråd med soknerådet sitt vedtak.

Sak 27/18 Korrigering av tidlegare sak: Plan for hausten 2018


Møtedatoar for hausten 2018 vert som følgjer:
25.10.2018 og 27.11.2018.

Andre datoar:

28.-29.09.2018: Kyrkjemesse.

30.09.2018: Gudsteneste med misjonsfokus, NMS misjonsavtale, middag og misjonsløp etter gudstenesta.

28.10.2018: Seniordag (tidlegare eldresdag) med middag.
Simen har gudsteneste. Arild kontaktar Sykkylven kommune.



Sykkylven sokneråd

Eventuelt: Det var ingen andre saker til handsaming.

Referent: Knut Henning Aursnes